



Dei har ei kremjobb midt
ute i Sognefjorden

Side 10

*Veret i
morgen:*



Sogn Avis

ONS DAG 16. AUGUST

LAUSSAL KR. 8.-

1995 - NR. 157

FEKK ATT GAMAL SKATT




*Unik samling
bunader til
Jostedalen*

Dei seks gamle bunadsliva
forsvann frå Jostedalen i 1853.
Over 140 år etter kom dei gamle
skattane attende i bygda. Det vart
både julaftan og 17. mai på ein
gong, for Sigbjørg Sperle og Bjørg
Hovland då dei oppdaga kva

pakka inneholdt.
– Dette er ei unik samling, seier
dei to kvinnene om gåva til
Jostedal sogelag.
– Bunadskleda skal deponerast på
De Heibergske Samlinger, men vi
håpar å kunna stille dei ut i

Bremheimsenteret i løpet av
hausten, seier Hovland. Dei
eldgamle bunadane er ei gāve frå
oldebarnet til Anders Haugen,
Margot Berge (83), og vil bety
mykje for dei som rekonstruerer
bunader.

Side 6 og 7



Tre generasjonar for Johan

Først hadde han bestefar Edin (51), så
mor Liv Judith (27) og mandag kom
barnebarnet Marc Stian (7) på Bolstad
skule. Skulemeisteren på Skjolden,
Johan Solheim (t.v.), har no tredje
generasjon Bolstad som elev.

Side 28

HENRY CHOICE
2 stk. jeans Boys bukser +
1 stk. sweat
500.-
Bruflat Match
Din jeansbutikk.
Øvre Årdal - Sogndal



**Frekt
tjuveri**

Side 8

Om du blir hybeluar - kjem du
til å gjera det?

Sjå side **13**

Bunadsskatt heim att til Jostedalen

GAUPNE: – Å, så flotte! Dei pakka fram det eine bunadslivet flottare enn det andre. Til slutt hadde dei seks bunadsliv. Dei hadde både julaftan og 17. mai på same kvelden Sigbjørg Sperle og Bjørg G. Hovland då dei pakka opp dei gamle bunadsplagga frå tidleg 1800.

SA: Sigrid Svartefoss

Arbeidet med «Jostedalsboka» er bakgrunnen for at Jostedal sogelag har fått ei utruleg gave med gamle bunadsdrakter. Kle som ikkje har vore i Jostedalen sidan 1853. Oldebarnet til Anders Anders Haugen, Margot Berge (83) har gjeve dei unike bunadsklea til Jostedal sogelag. Berge meinte at det var rett at bunadsklea kom heim att til bygda si - etter mange år i Romsdalen og Bergen.

Bunadsskatt

– Bunadsklea er ei gave til Jostedal sogelag, men dei skal deponerast på De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum. Me håpar å kunna stilla ut desse vakre og unike bunadskleda på Breheimensentret seinare i haust. Då kan bygdefolket få sjå denne flotte gåva me har fått, fortel leiaren i Jostedal sogelag, Sigbjørg Sperle til Sogn Avis.

– For dei som arbeider med å rekonstruerer bunader er det verdfullt å få ein slik «skatt», og ikkje minst er det fint for Jostedalen å få ei slik unik bunadssamling. For me opplever at gamle kle er det nesten uråd å finna, seier Sperle.

Måndag kvelden kom Lars Øyane frå Bergen med bunadsklea, og Sogn Avis fekk vera med då «bunadsskatten» vart pakka opp or kofferten.

Med sølvbeslag

I tillegg til alle bunadsklea fekk dei også med ei salmebok med bunadsbeslag. Inne i boka har den første eigaren og kjøparen av salmeboka, Anders Christoffersen Nitter skrive at han kjøpte denne boka i april 1811.

– Nitterslekta var gift til på

garden Kruna i Jostedalen, ein gard som vart rekna som ein storgard i Jostedalen, fortel Sigbjørg Sperle. På ettersommaren i fjor var ho til Bergen for å snakka med Margot Berge etter å ha vorte kontakta av Lars Øyane om alle bunadsklea Berge ville gje til Jostedal sogelag.

Kribla etter ryggen

– Det er berre utruleg at me skulle få alle desse klea. Dei viser korleis dei eldre draktene var i bygdene våre rundt 1800. Kanskje skriv nokre av klea seg frå enda eldre tid. For nokre av klea er slitne, og viser at dei har vore brukt over mange, mange år, seier Sperle.

– Her er ei jakke i fin, blå bomull. Eg har sydd same jakketype inne i Luster i grønt, fortel Bjørg. – Eg er heilt overvelda. Eg hadde aldri drøymt om at det hadde vore så mykje. Eg kjende berre kor det kribla nedetter ryggen min då Sigbjørg ringde og fortalte om alle bunadskleda sogelaget hadde fått i gave.

For det er litt av ei samling av bunadsdrakter Jostedal sogelag har fått i si eige: sju bunadsliv og to av bunadsliva med valkar, to bringedukar broderte med perler og på silke, ei trøye, eit forkle, eit stølebelte, fire konehuver og barnehuver (dåpshuver).

Flytte ut

– Anders Anders Haugen var gift med Mari Tøgersdotter frå Kronen. Dei reiste i 1850 frå Jostedalen til Romsdalen.

Sidan då har ingen av familien budd i Jostedalen. Oldebarnet Margot Berge har teke vare på dei gamle draktene etter at mora hennar, Maria Johanne Aniasdotter Johansen døydde i Bergen i 1959. Berge meinte at Jostedal sogelag skulle få denne verdfulle gåva med kle som viser draktskikkane. Margot Berge er einaste attlevande av seks sysken og har ikkje livsvingar.

Flott beltestøle

– Sjå dette beltestølet. Eg har settet denne typen med støler før, men eg har berre settet deler av det. Ikkje eit heilt belte. Det er så flott å ta i og sjå det eg har lese og sette biletet av det, seier Bjørg G. Hovland, som i mange

år har vore oppteken med å rekosntruera bunaden for Indre Sogn.

Bunadsstølene i metal er sydd på grov heimeoven liv og med raud vadmal i beltet. – Dette har vore i dyktig bruk. Sjå kor slite vadmalen er, seier Bjørg G. Hovland, og stryk handa nesten med andakt over beltet.

Brurestas?

Opp av kofferten kunne dei to pakka ut til saman seks bunadsliv; i brokade, grøn fløyel, blålilla tunn silke og eitt av bunadsliva er brodert med korssting på lin.

– Kva har dette hovudplagget vore brukt til? Sikkert av ei jente. Sei at det er hovudband, gjort i fin lin og grindvove. Eg har lese om det, men aldri sett det, seier ei oppglødd Bjørg.

– Kolossal mykje, og så nydelege fargar, seier Sigbjørg som til slutt tek fram eit raudt skjørt or kofferten. – Er det brurestas? Raudt vart ofte brukt i bryllaup. Det må ha vore velstandsfolk som har hatt råd til å eiga så mange klesdrakter. Eg vert heilt matt, seier Sigbjørg Sperle.


Takka vera «Jostedalsboka»

Arbeidet med «Jostedalsboka» må få «skulda» for at den rikhalde samlinga med bunadsliv, stolpebelte, konehuver og dåpshuver er komme attende til bygda dei hører heime - i Jostedalen.

– Eit syskenbarn av Margot Berge fortalte at ho skulle ha ei stor samling med amerikabrev og gamle dokument. Eg avtala at eg skulle koma og sjå gjennom alle breva og dokumenta. Etter at me hadde sete og snakka saman i fleire timer, seier Margot Berge: Eg har ein del gamle kle eg vil visa deg. Ho visste meg klea, og spurde om eg kjener nokon som ville vera interessert i å ta vare på desse draktene, fortel Lars Øyane. I snart 20 år har han vore engasjert i arbeidet med å skriva bygdebøker for glandene i Luster kommune.

Heilt tilfeldig

– Det var heilt tilfeldig eg kom i kontakt med Margot Berge. Det er takka vera arbeidet med «Jostedalsboka». Grunnen



– Sjå det fine handarbeidet på denne konehuva! Bjørg G. Hovland kan nesten ikkje tru augo sine når ho tek konehuva i nærmere augnesyn. Ikkje minst må ein verta storleg imponert over det fantastiske broderarbeidet dei på utruleg fin lin.

er at eg set så store krav og vil ha med mest mogleg opplysingar. Denne gongen var det gamle ame-

rikabrev som fengja intressa mi. Kanskje ville eg kunna finna manglende opplysingar om utflyt-



Bunadskatten som no er kome heim att til Jostedalen etter nes-ten 150 år i utlægd. Sigbjørg Sperle t. v. og Bjørg G. Hovland kan nes-ten ikke tru at denne skatten av gamle bunad-skle har Jostedal sogelag fått i gave fra Margot Berge (83). Oldefor-eldra hennar kom frå garden Haugen i Joste-dalen.



- Eg har aldri før sett eit heilt stølebelte, berre deler av det. Bjørg G. Hovland er andakstfullt medan ho ser nærmere på dette bunadsbeltet som må ha vore mykje brukt då vadmalen er godt slite.

te jostedøler i nokre av dei gamle amarikabrevna som Margot Berge, fortel Lars Øyane. -

Denne gongen fekk eg ikkje berre verdfulle opplysingar om utflytte jostedøler. Denne gong-

en ei heil «skattekiste» med praktkle. □

Høgre opnar med gatemøte i Førde

Høgre i Sogn og Fjordane har lagt valkampopninga si til Førde, heimekommunen til førstekandidaten, Anne Margrethe Øvsthushus.

SA: Sigrid Svartefoss

- Anna Ma vil laurdag blåsa i gang valkampen til Høgre både til fylkestings- og kommunevalet, opplyser fylkessekretær Solbjørg Berge til Sogn Avis. Øvsthushus opnar valkampen til Høgre i Førde laurdag, og til denne samlinga har dei fått Høgre sin 1. nedstleiar, Børge Brende.

Tøff kamp

Anne Margrethe Øvsthushus kan få ein tøff valkamp her i fylket skal Høgre greia å koma att med seks mandat i fylkestinget. Ikkje minst vil det verta spennande å sjå om Høgre har tapt noko i den opprivande striden som var i partiet då Øvsthushus til slutt vann kampvoteringa mot Julius Fure.

Laurdag skal Anna Ma delta på stand og gatemøte i Førde sentrum.




Høgre satsar på å henta mange røyster i Førde-regionen der førstekandidaten, Anne Margrethe Øvsthushus er heimehøy-rande.

Innspurtkonferanse

I valkampinnspurten gjeld det å gje kampglød til høgrefolk rundt om i fylket. Laurdag 19. og sundag 20. august skal Høgre i Sogn og Fjordane ha ein innspurtkonferanse i Førde for dei fremste kandidatane på fylkes- og kommuneallister, fylkesstyret og lokallaga. □

«Jostedalsboka» sel svært godt



- Salet av band 5 «Jostedalsboka» har så langt vore overraskane stort.

SA: Sigrid Svartefoss

Dette opplyser kultursjefen i Luster, Erling Bjørnetun til Sogn Avis. Det var like før jul i fjor at «Jostedalsboka» vart lagd ut for sal. Mange jostedøler kjøpte bygdeboka som julegave, men salet har vore svært godt så langt i år.

Mykke informasjon

- Etter at boka har vore i sal i eit halvt år, har ein selt meir av «Jostedalsboka» enn av bygde-

boka for Gaupne. Interessa for Jostedalsboka er såleis ganske stor. Ein del av dette kan skriva seg frå at Jostedal ikkje tidlegare har hatt eiga slektsbok, seier Bjørnetun.

Jostedalsboka er veldig rik på informasjon, både om slekter som framleis held til i bygda eller utflytte slekter.

Spennande

- Det som vert spennande no er om den store interessa for «Jostedalsboka» vil halda seg opp, seier Bjørnetun.

Sjølv om salet av bygdeboka har vore overraskande stort, er det framleis mange bøker att på lager. □